

Vedlegg: Dokumentasjon av utrekning av ferjeavløsningsmidlar

Dette vedlegget omtalar prinsippa for utrekning av ferjeavløysingsmidlar og viser tala som er brukte til utrekning av overslag på årlege ferjeavløysingsmidlar for Atløysambandet.

Om inntektssystemet

Inntektssystemet er eit system for fordeling av dei frie inntektene mellom fylkeskommunane. Dei frie inntektene består av rammetilskot frå staten og fylkeskommunanes egne skatteinntekter. Inntektssystemet er sett saman av fleire element, mellom anna ei utgiftsutjamning som skal kompensere fylkeskommunane for ufrivillige variasjonar i utgiftsbehovet.

Utgiftsutjamninga skjer i praksis gjennom kostnadsnøkkelen, som er sett saman av ulike kriterium med tilhøyrande vektorer. Gjennom kostnadsnøkkelen, og eit oppdatert sett med kriteriedata, blir utgiftsbehovet for kvar einskild fylkeskommune rekna ut. Etter det blir rammetilskotet fordelt om mellom fylkeskommunane etter det berekna utgiftsbehovet. Utgiftsutjamninga er ei rein omfordeling: det som blir trekt inn frå fylkeskommunar med eit utgiftsbehov *under* landsgjennomsnittet, blir delt ut att til fylkeskommunar med eit utgiftsbehov *over* landsgjennomsnittet.

Kostnadsnøkkelen for fylkeskommunane består av delkostnadsnøklar for vidaregåande opplæring, buss og bane, båt og ferje, fylkesvegar og tannhelsetenesta. Sjå innleiinga til Grønt hefte for ein nærare omtale av inntektssystemet.

Prinsipp for utrekning av ferjeavløsningsmidlar

Storleiken på ferjeavløysingsmidlane blir rekna ut på bakgrunn av tap innanfor inntektssystemet når eit ferjesamband blir avløyst eller korta inn av ei bru eller ein tunnel. Tapet blir berekna som nettoeffekten av å endre kriteriedata i utgiftsutjamninga i inntektssystemet (jf. punkt 5.1 og 5.2 i retningslinjene).

Eit ferjeavløysingsprosjekt fører til endringar i kriteriedata innanfor delkostnadsnøklane for båt og ferje og for fylkesveg. Avløysing eller innkorting av eit ferjesamband vil gi ein lågare verdi på kriteriet "normerte ferjekostnader" i båt- og ferjenøkkelen, mens det nye vegnettet vil gi auka verdi på kriteria "fylkesvegfaktor drift og vedlikehald" og "veglengde". Ferjeavløysingsmidlane blir altså rekna ut som nettoeffekten i utgiftsutjamninga av desse endringane.

Kor stor effekt ei endring på éi eining i kriteriedata vil ha i kroner i utgiftsutjamninga, vil variere frå år til år. Effekten er avhengig av storleiken på beløpet som blir fordelt om etter samla kostnadsnøkkel (samla utgiftsbehov), kor stor vekt dei einskilde kriteria har i kostnadsnøkkelen¹, og summen av kriterieverdien for dei aktuelle kriteria for heile landet sett under eitt.

¹ Vekten til det einskilde kriteriet blir justert årleg på bakgrunn av endringar i sektorvektene, sjå Grønt hefte 2018 s. 7.

I inntektssystemet for 2018 er samla utgiftsbehov som blir fordelt om etter kostnadsnøkkelen på 57 115,6 mill. kroner. Kriteriet normerte ferjekostnader har ei vekt på 0,0386, og delen av utgiftsbehovet til kriteriet er dermed på 2 205,7 mill. kroner (sjå Grønt hefte 2018 s. 8). Summen av dei normerte ferjekostnadene for alle fylkeskommunar er på 1 930,6 mill. kroner (jf. tabell E-fk i Grønt hefte), og 1 mill. kroner i normerte ferjekostnader utløyser dermed om lag 1,14 mill. kroner i utgiftsutjamninga i 2018 ($2\,205,7 / 1\,930,6 = 1,14$). Beløpet som blir utløyst av fylkesvegfactoren og lengda fylkesveg blir rekna ut på same måten.

Nærare om kriteriedata

Kriteriet "normerte ferjekostnader" blir rekna ut for kvart einskild ferjesamband med utgangspunkt i ein modell presentert i rapporten *Utgiftsbehov til ferjer og hurtigbåter* (Svendsen et al. 2017)². Kriteriet blir rekna ut med utgangspunkt i mellom anna trafikkmengde, strekningslengde og type farvatn for kvart einskild ferjesamband.

Fylkesvegfactoren er rekna ut med utgangspunkt i fylkesveglengde og tal for årlege kostnader til drift og vedlikehald av vegnettet. Dei årlege vedlikehaldskostnadene blir berekna med verktøyet MOTIV, som er Statens vegvesen sin modell for å berekne vedlikehaldsbehovet på vegnettet.

Veglengde er lengda fylkesveg målt i kilometer.

Ferjeavløysingsmidlar ved innkorting av ferjesamband

For vegprosjekt som kortar inn på et ferjesamband utan å avløyse det heilt, blir endringa i kriteriedata berekna som differansen mellom dei normerte ferjekostnadene for heile sambandet og eit anslag på dei normerte kostnadene for resten av sambandet etter at det er korta inn.

Ferjeavløysingsordninga gjeld for fylkeskommunale ferjesamband som blir avløyst eller korta inn av eit fylkeskommunalt vegprosjekt (jf. punkt 3.1 i retningslinjene for ordninga).

Nedlegging av eit ferjesamband eller ein ferjestrekning, utan at det blir erstatta av ein ny veg, er ikkje omfatta av ordninga. I tilfelle der delar av eit ferjesamband blir avløyst av ein ny veg, mens andre strekningar blir lagt ned, blir det derfor ikkje gitt ferjeavløysingsmidlar for strekningane som blir lagt ned.

Atløysambandet vil korte inn på ferjesambandet Askvoll–Gjervik–Fure–Værlandet. Ved ei eventuell ferjeavløysing av strekningen Askvoll–Gjervik, vil endringa i kriteriedata bli rekna ut som differansen mellom dagens heile samband og restsambandet Askvoll–Fure–Værlandet. Det gjeld uavhengig av om Fure ferjekai blir lagt ned eller ikkje.

Utrekning av ferjeavløsningsmidlar for Atløysambandet (Askvoll–Gjervik)

I inntektssystemet for 2018 har ferjesambandet Askvoll–Gjervik–Fure–Værlandet ein kriterieverdi på om lag 44,5 mill. kroner i normerte ferjekostnader. Møreforskning Molde har på oppdrag frå departementet rekna ut at eit ferjesamband Askvoll–Fure–Værlandet vil ha normerte ferjekostnader på om lag 18,5 mill. kroner. Ferjeavløysingsprosjektet Atløysambandet vil dermed gi ein reduksjon i dei normerte ferjekostnadene på om lag 26,0

² Svendsen, Hilde J., Falko Müller, Harald Thune-Larsen og Svein Bråthen (2017): *Utgiftsbehov til ferjer og hurtigbåter: Utredning av fylkeskommunale forskjeller*. Rapport nr. 1701, Møreforskning Molde.

mill. kroner. I inntektssystemet for 2018 svarar det til ein reduksjon på om lag 29,7 mill. kroner i utgiftsutjamninga.³

Vegprosjektet vil auke veglengda med om lag 5,8 km, og drifts- og vedlikehaldsbehovet på vegnettet vil auke med om lag 2,2 mill. kroner (jf. brev frå Statens vegvesen med MOTIV-tall for Fjelbergsambandet). Det gir til saman ei endring i fylkesvegfactoren på 15. I inntektssystemet for 2018 svarar endringane i fylkesvegfactoren og veglengda til ein auke på om lag 1,9 mill. kroner i utgiftsutjamninga.

Til saman gir dette eit overslag på nettoeffekt i utgiftsutjamninga på -27,8 mill. kroner om Askvoll–Gjervik–Fure–Værlandet hadde blitt korta inn i 2018. Det årlege beløpet med ferjeavløysingsmidlar kan dermed bli anslått til om lag 27,8 mill. kroner, om ein endeleg søknad blir sendt i løpet av 2018.

Utrekningane er viste i tabellane under. Tabell 1 under viser berekna endring i fylkesvegfactoren som følgje av Atløysambandet, mens tabell 2 viser effekten av endringane i kriteriedata i utgiftsutjamninga i 2018.

Tabell 1 Utrekning av endring i fylkesvegfactor for Sogn og Fjordane fylkeskommune

	Vedlikehalds- behov	Veg- lengde	Vedlikehalds- behov per km	Vedlikehalds- faktor*	Fylkesveg- faktor
	1000 kr	Km			Faktor * km veg
Grønt hefte 2018	507 675	2 637,0	193	1,365	3 600
Inkl. ny veg	509 872	2 642,8	193	1,368	3 615
Endring	1 751	5,8	0	0,003	15

* Vedlikehaldsfaktoren er sett relativt til fylkeskommunen med lågast vedlikehaldsbehov per km, som i 2018 er Hedmark. Når Sogn og Fjordane har ein faktor på 1,365, betyr det at fylkesvegane i Sogn og Fjordane i snitt har eit vedlikehaldsbehov som er 36,5 pst. høgare enn i fylket med lågast vedlikehaldsbehov per km veg.

Tabell 2 Effekt i inntektssystemet 2018 av endringar i kriteriedata pga. Atløysambandet

Kriterium	Endring i kriteriedata	Effekt i utgiftsutjamninga (1000 kr)
Normerte ferjekostnader	-26 020	-29 714
Veglengde (km)	5,8	136
Fylkesvegfactor	15	1 751
Nettoendring i utgiftsutjamninga		-27 827

³ Kriterieverdien for normerte ferjekostnader er altså ikkje identisk med beløpet som ferjekriteriet utløyser i inntektssystemet, jf. siste avsnitt under "Prinsipp for utrekning av ferjeavløysingsmidlar". I utrekninga av ferjeavløysingsmidlar blir beløpet som blir utløyst i inntektssystemet lagt til grunn, og ikkje beløpet i normerte ferjekostnader.